

St.prp. nr. 57

(2004–2005)

Om samtykkje til ratifikasjon av protokoll nr. 13 til Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, om avskaffelse av dødsstraff under enhver omstendighet, av 3. mai 2002

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 29. april 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Utanriksdepartementet gjer i proposisjonen her framlegg om at Stortinget gir samtykkje til ratifikasjon av protokoll nr. 13 til den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK), om avskaffing av dødsstraff i eitkvart høve.

Protokollen inneber ei folkerettsleg plikt for dei statane som er partar i protokollen til å avskaffe alle former for dødsstraff, både i freds- og krigstid.

Protokollen vart vedteke av Ministerkomiteen i Europarådet 21. februar 2002, opna for undertekning 3. mai 2002, og tok til å gjelde 1. juli 2003. Per 15. april 2005 har 30 av dei 46 medlemsstatane i Europarådet ratifisert protokollen, blant desse dei andre nordiske statane. Ytterlegare 13 statar har undertekna protokollen. Noreg undertekna han 3. mai 2002.

Det leggjast til grunn at protokollen er så viktig at ratifikasjon krev samtykkje frå Stortinget etter Grunnloven § 26 andre ledd.

Regjeringa gjer i ein eigen proposisjon framlegg om å inkorporere protokollen i menneskerettslova slik at han vil gjelde som norsk lov.

Protokoll nr. 13 i engelsk originaltekst og norsk omsetjing er vedlagt proposisjonen.

2 Bakgrunn

Sverige tok initiativ til utarbeiding av protokollen i Europarådets ministerkomité 7. desember 2000. Protokollen vart utarbeida av komiteen for utarbeiding av nye menneskerettslege standardar. Noreg tok aktivt del i arbeidet.

Noreg og alle dei andre medlemslanda i Europarådet er allereie bundne av protokoll nr. 6 til EMK, som påbyr statane å avskaffe dødsstraff, jf. St.prp. nr. 6 (1987-1988). Til skilnad frå protokoll nr. 13 tillet protokoll nr. 6 bruk av dødsstraff for handlingar utført i krig eller under krigstrussel.

Noreg og 38 av dei 46 medlemslanda i Europarådet er òg bundne av valfri protokoll nr. 2 til FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, som påbyr at dødsstraff blir avskaffa, også i krigstid, jf. St.prp. nr. 37 (1990-1991).

3 Høyringa

Justisdepartementet sende 15. desember 2004 på høyring eit forslag om å ratifisere protokoll nr. 13 til EMK og å inkorporere protokoll nr. 13 og 14 til EMK i menneskerettslova § 2 nr. 1. Høyringsfris-

ten var 1. mars 2005. Høyringsnotatet vart sendt til følgjande instansar:

Departementa
Sametinget
Domstoladministrasjonen
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Generaladvokaten
Stortingets ombudsmann for forvaltningen
Senter for menneskerettigheter
Den norske advokatforening
Den norske dommerforening
Norges Juristforbund
Befalets fellesorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge
Næringslivets Hovedorganisasjon
Amnesty International (norsk avdeling)
Det norske menneskerettighetshuset.

Alle dei instansane som har kome med høyrings-svar som kommenterer realiteten i forslaga, stiller seg bak forslaga i høyringsnotatet. Dette gjeld:

Den norske advokatforening
Den norske dommerforening
Befalets fellesorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge.

Følgjande instansar uttalte at dei ikkje hadde merk-nader til forslaga i høyringsnotatet:

Arbeids- og sosialdepartementet
Barne- og familiedepartementet
Finansdepartementet
Forsvarsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Moderniseringsdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Samferdselsdepartementet
Domstoladministrasjonen
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Næringslivets hovedorganisasjon.

4 Nærare om dei einskilde føre-segnene i protokollen

Protokollen har ein *forte* der det mellom anna går fram at avskaffing av dødsstraff er svært viktig for å kunne verne retten til liv, som er ein grunnleg-gjande verdi i eit demokratisk samfunn.

Det følgjer av *artikkel 1* at dødsstraff skal avskaffast og at ingen må bli dømd til slik straff

eller avretta. Artikkel 1 i protokoll nr. 6 til EMK har den same ordlyden.

Artikkel 2 slår fast at forbodet mot dødsstraff ikkje kan fråvikast etter reglane i EMK artikkel 15, dvs. heller ikkje under krig eller annan offentleg naudtilstand som truar nasjonen. Protokoll nr. 13 inneber altså på same måte som valfri protokoll nr. 2 til FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, men til forskjell frå protokoll nr. 6 til EMK, eit abso-lutt forbod mot dødsstraff, både i freds- og krigstid.

Artikkel 3 slår fast at det ikkje er mogeleg for sta-tane å ta atterhald mot enkelte delar av protokollen.

Artikkel 4 slår fast at einkvar stat som bli part i protokollen kan angje det territorium eller dei ter-ritorier den skal gjelde for.

Artikkel 5 slår fast at protokollen artikkel 1 til 4 skal sjåast som tilleggsføresegner til konvensjo-nen, slik at alle føresegnene til konvensjonen om sakshandsaming mv. skal gjelde tilsvarande.

Artikkel 6 til 8 har slutføresegner. Alle med-lemsstatane i Europarådet kan bli partar i protokol-len.

5 Tilhøvet til norsk rett

Noreg oppheva dødsstraffa for vanlege straffesaker ved straffelova 22. mai 1902 nr. 10, som tok til å gjelde 1. januar 1905. Føresegna i militær straffelov om dødsstraff for handlingar i krigstid blei oppheva ved lov 8. juni 1979 nr. 43. I Ot.prp. nr. 45 (1978-79) blei dette mellom anna grunnlagt med at dødsstraff er ein inhuman straffereaksjon, og at ein fullstendig norsk oppheving av dødsstraffa kunne styrke det internasjonale arbeidet mot denne forma for straff. Etter denne endringa av militær straffelov har det ikkje vore høve til å dømme nokon til dødsstraff etter norsk rett, verken i freds- eller krigstid.

Protokoll nr. 6 til EMK og valfri protokoll nr. 2 til FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, som det er gjort greie for i kapittel 2 ovanfor, gjeld dessutan som norsk lov, jf. menneskerettslova § 2.

Noreg har såleis allereie forplikta seg folke-rettsleg til ikkje å innføre dødsstraff igjen, heller ikkje i krigstid. Norsk rett og praksis tilfredsstiller allereie krava i protokoll nr. 13 til EMK. Den retts-lege følgja av norsk tilslutning til protokoll nr. 13 til EMK vil derfor i hovudsak vere at Den europeiske menneskerettsdomstolen får høve til å avgjere med bindande verknad eventuelle klagemål mot Noreg om brot på protokollen sitt forbod mot døds-straff. Ettersom det ikkje finst føresegner om døds-straff i norsk rett, er det lite truleg at slike saker vil bli aktuelle.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Gjennomføring av protokollen vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar for Noreg.

7 Konklusjon og tilråding

Dødsstraffa strir mot prinsippet om at livet er ukrenkeleg, og Noreg si holdning har lenge vore at avskaffing av dødsstraff vil vere med på å auke menneskeverdet og styrke respekten for dei andre menneskerettane. Arbeidet for å avskaffe dødsstraff er ein prioritert del av det norske menneskerettsarbeidet. Noreg har vore ein aktiv pådrivar for avskaffing av dødsstraff både bilateralt overfor statar som framleis brukar dødsstraff, og i multilaterale fora som FN, OSSE og Europarådet, sjå mellom anna St.meld. nr. 21 (1999-2000) Menneskeverd i sentrum punkt 5.9.2.

Sidan Noreg allereie har oppheva dødsstraffa og er folkerettsleg bunden til å ikkje innføre slik

straff igjen, vil det gjere liten rettsleg skilnad om Noreg ratifiserer protokoll nr. 13 til EMK, jf. kapittel 2 og 4 ovanfor. Norsk ratifikasjon vil likevel gi eit politisk signal om at Noreg framleis ser på dødsstraff som ein prinsipielt uakseptabel form for straff. Dette kan medverke til å auke presset på dei statane som ikkje har ratifisert protokollen.

Ratifikasjon vil ikkje krevje lov- eller forskriftendringar.

Justisdepartementet gjer derfor framlegg om at Noreg no ratifiserer protokollen. Utanriksdepartementet er samd i dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykkje til ratifikasjon av protokoll nr. 13 til Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, om avskaffelse av dødsstraff under enhver omstendighet, av 3. mai 2002.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykkje til ratifikasjon av protokoll nr. 13 til Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, om avskaffelse av dødsstraff under enhver omstendighet, av 3. mai 2002, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om samtykkje til ratifikasjon av protokoll nr. 13 til Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, om avskaffelse av dødsstraff under enhver omstendighet, av 3. mai 2002

Forslag

til vedtak om samtykkje til ratifikasjon av protokoll nr. 13 til Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, om avskaffelse av dødsstraff under enhver omstendighet, av 3. mai 2002

I

Stortinget samtykkjer i ratifikasjon av protokoll nr.
13 til Konvensjonen om beskyttelse av menneske-

rettighetene og de grunnleggende friheter, om
avskaffelse av dødsstraff under enhver omstendig-
het, av 3. mai 2002.

Vedlegg 1

Protocol No. 13 to the Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms, concerning the Abolition of the Death Penalty in All Circumstances Vilnius, 3.V.2002

The member States of the Council of Europe signatory hereto,

Convinced that everyone's right to life is a basic value in a democratic society and that the abolition of the death penalty is essential for the protection of this right and for the full recognition of the inherent dignity of all human beings;

Wishing to strengthen the protection of the right to life guaranteed by the Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms signed at Rome on 4 November 1950 (hereinafter referred to as "the Convention");

Noting that Protocol No. 6 to the Convention, concerning the Abolition of the Death Penalty, signed at Strasbourg on 28 April 1983, does not exclude the death penalty in respect of acts committed in time of war or of imminent threat of war;

Being resolved to take the final step in order to abolish the death penalty in all circumstances,

Have agreed as follows:

Article 1 – Abolition of the death penalty

The death penalty shall be abolished. No one shall be condemned to such penalty or executed.

Article 2 – Prohibition of derogations

No derogation from the provisions of this Protocol shall be made under Article 15 of the Convention.

Article 3 – Prohibition of reservations

No reservation may be made under Article 57 of the Convention in respect of the provisions of this Protocol.

Protokoll nr. 13 til Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, om avskaffelse av dødsstraff under enhver omstendighet Vilnius, 3. mai 2002

Undertegnede medlemsstater av Europarådet,

som er overbevist om at alles rett til liv er en grunnleggende verdi i et demokratisk samfunn, og at avskaffelse av dødsstraff er av vesentlig betydning for å kunne verne om denne retten og for å oppnå full anerkjennelse for alle menneskers iboende verdighet,

som ønsker å styrke vernet om retten til liv som er garantert i Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, undertegnet i Roma 4. november 1950 (heretter kalt "Konvensjonen"),

som konstaterer at protokoll nr. 6 til Konvensjonen, om avskaffelse av dødsstraffen, undertegnet i Strasbourg 28. april 1983, ikke utelukker dødsstraff for handlinger begått i krigstid eller når krig umiddelbart truer,

som er fast bestemt på å ta det endelige skritt for å avskaffe dødsstraff under enhver omstendighet,

er blitt enige om følgende:

Artikkel 1 – Avskaffelse av dødsstraff

Dødsstraffen skal bli avskaffet. Ingen må bli dømt til slik straff eller henrettet.

Artikkel 2 – Forbud mot fravikelser

Bestemmelsene i denne protokoll kan ikke bli fraveket etter artikkel 15 i Konvensjonen.

Artikkel 3 – Forbud mot forbehold

Bestemmelsene i denne protokoll kan ikke være gjenstand for forbehold etter artikkel 57 i Konvensjonen.

Article 4 – Territorial application

1. Any State may, at the time of signature or when depositing its instrument of ratification, acceptance or approval, specify the territory or territories to which this Protocol shall apply.
2. Any State may at any later date, by a declaration addressed to the Secretary General of the Council of Europe, extend the application of this Protocol to any other territory specified in the declaration. In respect of such territory the Protocol shall enter into force on the first day of the month following the expiration of a period of three months after the date of receipt of such declaration by the Secretary General.
3. Any declaration made under the two preceding paragraphs may, in respect of any territory specified in such declaration, be withdrawn or modified by a notification addressed to the Secretary General. The withdrawal or modification shall become effective on the first day of the month following the expiration of a period of three months after the date of receipt of such notification by the Secretary General.

Article 5 – Relationship to the Convention

As between the States Parties the provisions of Articles 1 to 4 of this Protocol shall be regarded as additional articles to the Convention, and all the provisions of the Convention shall apply accordingly.

Article 6 – Signature and ratification

This Protocol shall be open for signature by member States of the Council of Europe which have signed the Convention. It is subject to ratification, acceptance or approval. A member State of the Council of Europe may not ratify, accept or approve this Protocol without previously or simultaneously ratifying the Convention. Instruments of ratification, acceptance or approval shall be deposited with the Secretary General of the Council of Europe.

Article 7 – Entry into force

1. This Protocol shall enter into force on the first day of the month following the expiration of a period of three months after the date on which ten member States of the Council of Europe have expressed their consent to be bound by the Protocol in accordance with the provisions of Article 6.

Artikkel 4 – Territorial anvendelse

1. Enhver stat kan ved undertegning eller når den deponerer sitt dokument om ratifikasjon, godtakelse eller godkjenning angi det territorium eller de territorier denne protokoll skal gjelde for.
2. Enhver stat kan når som helst deretter ved erklæring til Generalsekretæren i Europarådet utvide området for protokollen anvendelsesområde til et hvilket som helst annet territorium angitt i erklæringen. For et slikt territorium skal protokollen tre i kraft den første dag i måneden etter utløpet av en periode på tre måneder etter den dag Generalsekretæren har mottatt erklæringen.
3. Enhver erklæring som er avgitt i henhold til de to foregående avsnitt, kan bli trukket tilbake eller endret i forhold til et territorium angitt i erklæringen ved meddelelse til Generalsekretæren. Tilbaketrekkingen eller endringen skal få virkning den første dag i måneden etter utløpet av en periode på tre måneder etter den dag Generalsekretæren har mottatt meddelelsen.

Artikkel 5 – Tilknytning til Konvensjonen

Mellom de stater som er parter, skal bestemmelsene i artiklene 1 til 4 i denne protokoll anses som tilleggsartikler til Konvensjonen, og alle Konvensjonens bestemmelser gjelde tilsvarende.

Artikkel 6 – Undertegning og ratifikasjon

Denne protokoll skal være åpen for undertegning av medlemsstater i Europarådet som har undertegnet Konvensjonen. Den skal ratifiseres, godtas eller godkjennes. En medlemsstat i Europarådet kan ikke ratifisere, godta eller godkjenne denne protokoll med mindre den samtidig eller tidligere har ratifisert Konvensjonen. Ratifikasjons-, godtakelses- eller godkjenningsdokumenter skal bli deponert hos Generalsekretæren i Europarådet. generalsekretær.

Artikkel 7 – Ikrafttredelse

1. Denne protokoll skal tre i kraft den første dag i måneden etter utløpet av en periode på tre måneder etter den dag da ti av medlemsstatene i Europarådet har gitt sitt samtykke til å være bundet av protokollen i samsvar med bestemmelsene i artikkel 6.

Om samtykke til ratifikasjon av protokoll nr. 13 til Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, om avskaffelse av dødsstraff under enhver omstendighet, av 3. mai 2002

2. In respect of any member State which subsequently expresses its consent to be bound by it, the Protocol shall enter into force on the first day of the month following the expiration of a period of three months after the date of the deposit of the instrument of ratification, acceptance or approval.

Article 8 – Depositary functions

The Secretary General of the Council of Europe shall notify all the member States of the Council of Europe of:

- a) any signature;
- b) the deposit of any instrument of ratification, acceptance or approval;
- c) any date of entry into force of this Protocol in accordance with Articles 4 and 7;
- d) any other act, notification or communication relating to this Protocol.

In witness whereof the undersigned, being duly authorised thereto, have signed this Protocol.

Done at Vilnius, this 3 May 2002, in English and in French, both texts being equally authentic, in a single copy which shall be deposited in the archives of the Council of Europe. The Secretary General of the Council of Europe shall transmit certified copies to each member State of the Council of Europe.

2. For en medlemsstat som senere gir sitt samtykke til å være bundet av protokollen, skal den tre i kraft den første dag i måneden etter utløpet av en periode på tre måneder etter den dag da vedkommende stats ratifikasjons-, godtakelses- eller godkjenningssdokument er blitt deponert.

Artikkel 8 – Depositarfunksjoner

Europarådets generalsekretær skal underrette alle medlemsstatene i Europarådet om:

- a) enhver undertegning;
- b) deponering av ethvert ratifikasjons-, godtakelses- eller godkjenningssdokument;
- c) enhver dato da denne protokoll trer i kraft i samsvar med artiklene 4 og 7;
- d) enhver annen handling, meddelelse eller erklæring som gjelder denne protokoll.

Som bekreftelse på dette har de undertegnede, som har fått behørig fullmakt til det, undertegnet denne protokoll.

Utferdiget i Vilnius 3. mai 2002, i ett eksemplar på engelsk og fransk tekst, som begge har samme gyldighet og som skal bli deponert i Europarådets arkiver. Generalsekretæren i Europarådet skal oversende bekreftede kopier til hver medlemsstat i Europarådet.
